

MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Fredag 27.11.2015

Stad: Gol, Pers Hotel

Desse møtte frå Regionrådet:

Petter Rukke,	Hol kommune
Ole Egil Trintrud,	Ål kommune
Heidi Granli,	Gol kommune
Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Tore Haraldset,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar

Frå Buskerud fylkeskommune møtte:

Iselin Haugo, fylkeskontakt

Sigurd Fjose, regionkontakt

I sak 60 – 63 deltok rådmannsutvalet:

Lars Ole Skogen,	Hol kommune
Tone Tveito Eidnes,	Ål kommune
Hege Mørk,	Gol kommune
Ole Johnny Stavn,	Hemsedal kommune
Torbjørn Hansen,	Nes kommune
Odd Egil Stavn,	Flå kommune

SAK 60-15 UTTALE, REGIONAL PLAN FOR VERDISKAPNING OG NÆRINGSUTVIKLING, HANDLINGSPLAN 2016

Uttale

Regionrådet for Hallingdal synest regional plan for verdiskaping og næringsutvikling har gode og sentrale mål for næringsutvikling, der forslag til handlingsprogram i stor grad følgjer opp dette. Ut frå Hallingdal sine utfordringar og prioriteringar er det likevel eit sterkt ynskje om at delmål vertskapsattraktivitet med hovudpunkta; tiltrekke og behalde kapital, bedrifter og talent blir forsterka. Strategiane og tiltaka for å tiltrekke seg og behalde bedrifter og talent vil kunne variere mykje mellom dei ulike regionane. For Hallingdal er det avgjerande med nye type arbeidsplassar som er attraktive for yngre menneske. Hallingdal er med i Byregionprogrammet fase 2 (www.byregionprogrammet.no), som er eit utviklingsprogram for «byregionar» i regi av Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Med bakgrunn i samfunnsanalyse (Menon 2015) og lokale drøftingar er hovudmålet til Hallingdal i fase 2: «*Det skal skapast ein utviklingsorientert og attraktiv region gjennom å styrke eksisterande og utvikle nye type arbeidsplassar, som er lønsame og attraktive for yngre menneske med høgare utdanning og fagutdanning.*» Dette er ei satsing som i stor grad bør samsvare med delmålet vertskapsattraktivitet, i forhold til Hallingdal.

Hallingdal har og i sitt prosjekt Hallingdal 2020 fokus på rekruttering mot definerte målgrupper:

- Ung Halling (15 – 25)
- Hyttehalling
- Kvinner 28

Etter Regionrådet for Hallingdal sitt syn må rekrutteringsaspektet (talent) vera med som eit konkret tiltak som byggjer opp under m.a. Hallingdal sine satsingar, både i Byregionprogrammet og og i forhold til Hallingdal 2020.

I tillegg bør det inn eit eige tiltak som går på målretta arbeid for å tiltrekke seg stalege arbeidsplassar som og er eit tema i den regionale planen. Dette bør i høgste grad vera dagsaktuelt m.a. ut frå at 10. juni 2014 handsama Stortinget eit forslag (8:47 S (2013-2014)) om ein plan for fordeling av statlege arbeidsplassar og statlege kompetansemiljø i heile landet. Komiteen si tilråding om at Stortinget ber regjeringa fremme forslag til tiltak som sikrar at ny statleg verksemd som hovudregel blir lagt utanfor Oslo og bygger opp under livskraftige regionar vart vedteke. Stortinget ber regjeringa fremme forslag til tiltak som sikrer at ny statlig virksomhet som hovudregel legges utenfor Oslo og bygger opp under livskraftige regioner. Regjeringa har fått frist på seg til våren 2016.

Ut frå dette ynskjer Regionrådet for Hallingdal at det blir lagt inn fylgjande ekstra tiltak under delmål vertskapsattraktivitet:

Tiltak	Eier/initiativ	Partnere
Arbeide for utvikling av nye type arbeidsplassar, som er lønsame og attraktive for yngre menneske med høgare utdanning og fagutdanning	Hallingdal	Bfk, HSØ, NHO
Rekruttering av arbeidskraft ut frå ulike regionar sine behov.	BFK	Kommuneregionar, NHO, LO
Målretta arbeid for å tiltrekke seg statlege arbeidsplassar	BFK/kommuneregionar	

SAK 61/15 HALLINGDAL BARNEVERN TENESTE, STATUS, BUDSJETT

Tone Tveito Eidnes orienterte om status og budsjett for Hallingdal barnevernteneste, vedlagt presentasjon.

Vedtak

Regionrådet/rådmannsutvalet tek ansvar for å arrangere eit halvdagsseminar for relevante aktørar i forhold til barnevern. Ål kommune som vertskapskommune førbur seminaret som vil bli arrangert i samband med eit regionrådsmøte vinteren 2016.

SAK 62/15 STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL – BYREGIONPROGRAMMET, VIDARE ARBEID

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal tek forslag til framdriftsplan til etterretning. For å sikre best mogeleg kommunal forankring skal det leggest opp til ein høyringsrunde før handsaming i Hallingtinget hausten 2016.

SAK 63/15 HALLINGDAL KARRIERESENTER, ORIENTERING/DRØFTING

Kjersti Dovland, prosjektleiar for utvikling av karrieresentre i Buskerud og Hans Bull-Tornøe karriererettleiar OPUS Ringerike karrieresenter, orienterte om planane for utvikling av Hallingdal karrieresenter og erfaringar frå Ringerike karrieresenter, vedlagt presentasjon.

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal vil handsame sak om eventuell medfinansiering av Hallingdal karrieresenter i desember 2015.

**SAK 64/15 SØKNAD OM MIDLAR TIL VIDAREFØRING AV
TERRENGSYKKELPROSJEKTET I HALLINGDAL –
TRÅKK ‘N’ ROLL – Tråkk ‘n’ Roll**

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd eit tilskot inntil 30% av kostnadane til vidareføring og utvikling av bærekraftige terrengsykkeltilbod i Hallingdal i 2016, innanfor ei øvre tilskotramme på kr. 400.000. Tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2015.
2. Visit Geilo AS skal vera prosjektansvarleg for vidareføring og utvikling av bærekraftige terrengsykkeltilbod i Hallingdal.
3. Styringsgruppe for vidareføring og utvikling av bærekraftige terrengsykkeltilbod i Hallingdal skal vera med ein representant frå kvart av destinasjonsselskapa i Hallingdal i tillegg prosjektleiar for Regionrådet sitt prosjekt Hallingdal 2020.
4. Prosjektet skal vera avslutta i 2016 og evaluering og rapportering skal vera gjennomført innan 31.12.2016

**SAK 65-15 SØKNAD OM MIDLAR TIL VIDAREFØRING AV HALLINGDAL SITT
LANGRENNSPROSJEKT I 2016**

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd 50% av kostnadane til profileringsprosjekt langrenn for 2016, innanfor ei øvre ramme på kr. 200.000. Tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2015.
2. Ål Utvikling skal vera prosjektansvarleg for profileringsprosjekt langrenn.
3. Styringsgruppe for profileringsprosjekt langrenn skal vera med ein representant frå kvart av destinasjonsselskapa i Hallingdal i tillegg prosjektleiar for Regionrådet sitt prosjekt Hallingdal 2020.
4. Prosjektet skal vera avslutta i 2016 og evaluering og rapportering skal vera gjennomført innan 31.12.2016

SAK 66-15 SØKNAD OM MIDLAR TIL PROSJEKTET «SAU I FLEIRE FJØS»

Per Liahagen, prosjektsekretær for prosjektet «Sau i fleire fjøs» orienterte om status for prosjektet utvikling av sauehaldet i øvre Buskerud, talmateriale vedlagt.

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 225.000 fordelt på 3 år til prosjektet. Tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2015.
2. Buskerud Sau og Geit skal vera prosjektansvarleg
3. Ved avslutning av prosjektet bør det gjennomførast ei evaluering.

SAK 67/15 GODKJENNING AV PROTOKOLL

Vedtak

Protokollen er godkjent.

Gol 27.11.2015

Petter Rukke, Hol kommune

Ole Egil Trinrud, Ål kommune

Heidi Granli, Gol kommune

Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune

Tore Haraldset, Nes kommune

Tor Egil Buøen, Flå kommune